



Kåre Landsvik
Landsvik 38
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1524 - 18/15853

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
20.07.2018

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Beitevegen - Gbnr. 51/10 landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 183/2018

Saksutgreiing:

Kåre Landsvik søker i søknad dagsett 05.06.2018 om løyve til å byggje traktorveg på Gbnr. 51/10. Det vert søkt om å byggje ein landbruksveg i vegklasse 8 på ca. 50 meter. Vegen er tenkt nytta 30 % i skogbruksformål og 70 % til jordbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 24,5 daa, byggjekostnader er kalkulert til kr 48 000,-.

Søklar ynskjer å byggje vegen for å få betre tilkomst til areala. Betre tilkomst vil gjere landbruksdrifta lettare, då ein vil kunne nytta uavhengig av veret. Barmarkskøyring i nedbørsrike periodar vil gje skadar på innmarka. Vegen vil difor gjera skjøtsel, drift og tilsyn lettare i dei periodane med mykje regn. Vegen vil også gjøre tilkomsten til skogareala innanfor beite lettare.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

Søklar har i dag ein avkøyrsel og en veg på om lag 7-8 meter inn på beite frå privat veg. Han ynskjer å byggje denne vidare inn på beite. Søklar har opplyst at i periodar med mykje nedbør er det vanskeleg å køyra på beite, og det blir store skader. Den omsøkte vegen vil gjere tilkomsten til arealet enklare, gjennom heile året. All dyrka mark krev skjøtsel og tilsyn, og for å kunne gjere dette vil ein god tilkomst vere viktig. Søklar ynskjer å byggje ein enkel veg med ein låg standard for å unngå å ta meir innmarksbeite enn naudsynt. Jordpakking er ein utfordring i Nordhordland. Kominasjonen av tunge maskiner på våt myrjord

gjev jordpakking, samt at det kan gje køyreskader på innmarka. Med dagens utfordringar med eit fuktig og mildt klima, som skal bli våtare med klimaendringar er det viktig med god vegtilkomst. Betre tilkomst vil kunne sikre at naudsynt drift kan gjerast meir uavhengig av ver utan skader på innmarka. Veggen vil også lette tilkomsten til skogen innafør beite, sjølv om omsøkt veg ikkje skal gå helt til grensa på beitet.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje funne at søknaden rårkar freda kulturminner eller andre verneverdige kulturminner i området, og har difor ingen innvendingar mot søknaden.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte veggen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Naturmangfaldslova §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at veggen som omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til bygging av Beitevegen som omsøkt. Det er administrasjonen sin vurdering at Beitevegen vil være viktig for å få god tilkomst til jordbruks- og skogbruksareala. Veggen vil gjere skjøtsel, drift og tilsyn enklare og mindre avhengig av veret. Administrasjonen meiner at veggen vil vere ein fordel for bruket, og at det er fornuftig med ein enkel veg på arealet som sikrar tilkomsten.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av landbruksvegen Beitevegen som omsøkt. Det skal byggast 50 meter traktorveg som nyanlegg i vegklasse 8 på Gbnr. 51/10.

Byggjeløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Veggen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske rettningslinjer for vegklasse 8 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vere merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune v/ kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.
3. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 20.07.2021.
4. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette, og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-2, 3-3 og 3-4 i

forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1+SV+_153498.pdf

Mottakere:

Kåre Landsvik

Landsvik 38

5917

ROSSLAND